

Øyrådet for Flemsøy/Skuløy

ÅRSMELDING 2017

Øyrådet vart skipa 25.februar 2015 med formål om å «fremje utvikling og vekst på alle område i lokalsamfunnet, for å sikre at øya også i framtida skal vere eit livskraftig samfunn.»

Årsmøtet for 2016 vart halde den 15/2-2017. Konstituerande møte for styret i øyrådet vart halde 9/3-2017. Styret består av leiarane av arbeidsgruppene i øyrådet, med nestleiarar som varamedlemar i styret:

STYRET I ØYRÅDET 2017:	Varamedlemer i styret:
Lidvar Rogne (leiar, permisjon frå 31/8) Uwe Kleinhaus (nestleiar, leiar frå 31/8) Tanja Mjøs Otterlei (skrivar) Bjørn Longva (kasserar) Knut G. Flem Gjertrud Longva Jan Arne Longva	Severin Longva (Tilflytting) Trond Ravnstad (Informasjon) Knut G. Flem (Økonomi) Birgit O. Kjerstad (Arbeid og næring) Grete Vindsens (Trivsel) Joar Haram (Bustad)
VALNEMND 2017:	REVISORAR 2017:
Roy Kolseth (leiar) Karoline Urke Øines. Severin Longva Vara: Mette Krogsæter	Olav Skarstein Åge Flem

Styret i Øyrådet for Flemsøy/Skuløy har hatt 9 styremøte i 2017.

Arrangement/saker som Øyrådet har stått for eller vore involvert i:

- Deltaking på næringskonferanse, ID-huset 14/2-17.
- Presentasjon om taredyrking, nederlandsk par, Gunnabuda, 15/3.
- Seminar om turisme 21/3.
- Arrangør ev «Klypa-show» 5/5.
- Sak om framtidig skulestruktur.
- Arbeid med ny kommunal arealplan.
- Nordøyvegen, «første spadetak».
- Pådrivar for Breiband/digital infrastruktur til Øyane.
- «Placement-kurs: «Velkomen hit- frå vertskap til integrering.» 1/6-2017
- Skulebua, opning og helikoptertur, planlegging av verstasjon/web-kamera.
- Stand på HaNo-dagane 2017. Sal av t-skjorter med Skulebu-motiv.
- Planlegging av Coop-tilbygg/kafe.
- Oppfølging av det 3-årig bygdemobiliseringsprosjektet som Øyrådet er med i.

Styret har hatt til oppgåve å koordinere aktiviteten i arbeidsgruppene, og å samarbeide med aktørar utanfor øya. **Arbeidsgruppene har stått for ein stor del av aktiviteten i øyrådet, og dei blir difor nemnt i årsmeldinga med eigne «årsrapportar» :**

Årsmelding for Informasjonsgruppa 2017

Medlemer: Marion Bergheim, Andreas Flem, Odd Einar Molnes, Tanja M. Otterlei, Ewa Piasecka, Trond Ravnstad, Olav Skarstein, Linda Nogva Vedeld.

Øyrådet for Flemsøy/Skuløy

Leiar: Tanja M. Otterlei
Nestleiar: Trond Ravnstad

Informasjonsgruppa har hatt eitt fysisk møte i forkant av årsmøtet 2017. Det har elles vore kontakt medlemane imellom på FB-gruppe, Messenger og e-post.

Informasjonsgruppa har vedlikehaldt Facebook-sida og nettstaden. Vi fekk kursing i heimeside av Knut G. Flem våren 2017, slik at fleire har hatt sjans å redigere denne. Knut har framleis driftsansvar for nordoy.net, sjølv om han har gått ut frå infograppa som aktiv medlem.

Det har blitt laga T-skjorte med Skulebu-motiv. Det var stand på HaNo-dagane der det vart tatt opp bestilling på desse. Her er framleis eit restopplag for sal.

Det har blitt filma med drone over Nordøyveg-prosjektet, og lagt ut dette på FB-sida.

Årsmelding 2017 for Økonomigruppa

Medlemer: Bjørn Longva og Knut G. Flem

Leiar og kasserar: Bjørn Longva
Nestleiar og skrivar: Knut G. Flem

Sidan det er berre to medlemer i Økonomigruppa, har vi ikkje hatt formelle møte, men meir uformelle møte heime hjå kvarandre. Elles går kommunikasjonen via telefon og epost.

I tillegg til kasserarjobben har gruppa siste året arbeidt med å skaffe spelemidlar til prosjektet Skulebua. I juni kom det melding om at søknaden vart imøtekomen med kr 297.000, og etter at rekneskapen var revidert og godkjent, kom meldinga 14.12.17 at pengane ville bli utbetalt.

Vidare har økonomigruppa søkt om momskompensasjon (kompensasjon for moms på utgifter til drifta av Øyrådet). Vi fekk innvilga kr 24.633 av ein søknadssum på kr 33.833.

Sjå elles rekneskapen for 2017.

Øyrådet for Flemsøy/Skuløy

Årsrapport 2017 frå Trivselgruppa

Leiar: Gjertrud-Marie Longva. Nestleiar: Grete Vindsnes. Skrivar: Karianne Urke.

Trivselsgruppa i Øyrådet har i året som har gått hatt 3 møter der det har vore arbeidd med desse sakene:

1. Klypa-Show med «Kjellen Bigset» og dans 05.mai 2017.
2. Tilbygg til Coop Marked – Longva.
3. Sende inn liste til Samarbeidsutvalet for lag og organisasjonar.

Få på plass dato for vårfest med dans.

1. I forkant av «Klypa-showet» hadde vi to møter i Trivselsgruppa. Her vart matsservering planlagt, praktiske oppgåver fordelt, og det vart sendt inn liste over vakter til dansen til Haram Lensmannskontor.

Det vart lagt ned mange timar i dugnadsarbeid for å selje billetter til dansen og showet i forkant. Likevel viste det seg at det var publikum nok berre til å dekkje halvparten av utgiftene til arrangementet. Gjennomføringa av arrangementet gjekk greitt, og stemninga i salen var god.

2. Status i planlegginga av tilbygg på Coop Marknad- Longva:

Bygget er tenkt å vere eit tilbod til folk som vil setje seg ned og slå av ein prat, slik at butikken blir ein stad der folk kan treffast. Bygget skal innehalde toalett som også tilreisande og turgåarar kan nytte. Vi håper at det ligg føre eit prisoverslag frå leverandør, slik at ein kan starte opp i februar med byggearbeidet.

3. Vårfest og dans med Nordøyane Storband er lagt inn på kalenderen laurdag 14.april.

Elles kan det nemnast at talet på medlemmar i Trivselsgruppa no ser ut til å vere berre ein tredel av det vi starta opp med, og at vi ved større arrangement blir nødt til å hente inn hjelp frå andre nemder/ sambygdingar.

Årsmelding 2017 for Næringsgruppa

Medlemer: Lisbeth Austnes, Jonny Flem, Knut Flem, Birgit Kjerstad, Rita Kvinge, Rolf Longva, Johan Longvanes, Karoline U. Øines

Leiar: Knut Flem

Nestleiar: Birgit Kjerstad

Skrivar: Knut Flem

Det har vore halde sju møte i næringsgruppa sidan førre årsmøte, og til saman 24 saker har vore handsama.

Av saker som næringsgruppa har hatt føre siste året kan nemnast:

- Deltaking på Haramskonferansen
- Miniseminar med nederlandske taredyrkarar
- Arrangerte reiselivsseminar på Gunnabuda 21. mars med Anita Nøring frå Destinasjon

Øyrådet for Flemsøy/Skuløy

Ålesund og Sunnmøre og Susanne Moen Ouff frå “The Happy End” i Norddal som foredragshaldarar.

I etterkant av seminaret vart det oppretta ei reiselivsgruppe (privat).

- Har vore involvert i møte med potensielle tilflyttarfamiliar frå Nederland.

Årsrapport 2017 frå Bustadgruppa.

Medlemmer: Jan Arne Longva (leiar), Joar Haram (nestleiar), Terje Slyngstad, Terje Davik, Arne Vedeld og Per Kristian Klokk.

Gruppa har hatt to gruppemøte og eit orienteringsmøte om ny arealplan for kommunen. Vi informerte også om arealplan på stand under HaNo dagane.

Det var møte med kommunen om ønska felles/fritidsområde på øya som burde legges inn i ny arealplan. 12 område vart foreslått lagt inn.

Kommunen regnar med å legge fram eit forslag til arealplan etter ferien og vil halde orienteringsmøte om arealplan ut på hausten.

Liste over ledige tomter er oppdatert. Eitt hus ligg ute for sal (pr. feb.2018).

Årsrapport frå Tilflyttingsgruppa.

Medlemmer: Mette Krogsæter, Severin Longva (nestleder), Uwe Kleinhans (leder)

Tilflyttingsgruppa hadde i 2017 ett møte der gruppa konstituerte seg. Videre ble det avtalt aktiviteter som man skulle fokusere på i 2017.

Tilflyttingsgruppa hadde i 2017 følgende hovedaktiviteter:

- Det kom inn 7 henvendelser fra nederlandske familier som ønsket å se på mulighetene for å etablere seg på øya vår. Alle henvendelser var et resultat av «Placement»-prosjektet som Øyrådet gjennomførte i 2016/2017.
4 av henvendelsene kom fra familier med yngre barn.
Tilflyttingsgruppa fulgte opp henvendelsene ved å undersøke hvordan interessentenes ønsker og forventninger passer sammen med mulighetene som vi kan tilby. Interessentene ble holdt orientert over fremgangen i prosessen, delvis fram til at et besøk på øya kunne avtales.
- 4 ganger fikk vi besøk av interessenter som ønsket å se nærmere på forholdene på øya vår. Tilflyttingsgruppa tok imot gjestene, arrangerte velkomstmiddager sammen med representanter fra andre arbeidsgrupper i Øyrådet og formidlet kontakter etter behov.
Det virker som om alle likte seg på øya. Derimot viste det seg å være en utfordring å kunne gi gode perspektiv med tanke på jobbmuligheter.
Spesielt interessant var besøket av et par som kom med nokså konkrete

Øyrådet for Flemsøy/Skuløy

prosjektideer vedrørende tang- og tare dyrking.

- I samarbeid med Placement AS i Stordalen arrangerte Tilflyttingsgruppa kurset «Velkommen hit - frå vertskap til integrering» 1. juni 2017. Kurset tok for seg hvordan et samfunn skal møte og integrere nye medborgere.

Sammarbeidsprosjektet med Placement AS gikk ut i 2017 men Placement AS har sagt seg villig til å bistå framover dersom vi skulle ha konkrete spørsmål.

Gruppa har så langt ikke lyktes med å få flere medlemmer. Det viste seg at arbeid med potensielle tilflyttere stort sett alltid fører til spørsmål vedrørende muligheter for jobb eller næringsvirksomhet. Derfor ble det tatt initiativ til å slå seg sammen med Næringsgruppa til en felles gruppe «Næring og Tilflytting». Det forventes at en slik felles gruppe med flere medlemmer kan være mer effektiv når det gjelder å gi mulige tilflyttere et perspektiv på øya vår.

19/2-2018 Styret i Øyrådet for Flemsøy/Skuløy